



Fredrik Haugland (2 ½ år) og bukken er allereie svært gode vener. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein grunnide ved ein gardsbarnehage er sjølvsgagt at den skal ha både to- og firbeinte og seint onsdag kveld hendte det noko svært viktig i så måte i Dønhaug Gardsbarnehage:

Geita Snipp fekk to små, ein av kvart kjønn! Faren Snapp fekk ikke vera til stades då det skjedde....

For dei 13 ungene var dette sjølvsgagt ei storhending og då uskedalen.no var på barselvisitt fredag kom vi inn i den reinaste idyllen. Snipp forsynte seg av det friske graset medan dei to små hoppa omkring og trivdes i finveret. Tilhøvet mellom killingane og ungene er allereie det aller beste.

Alle vil klappa på dei, nyfødte og mora finn seg i det utan protest. Så er ho då også skikkeleg husvarm i barnehagen - ho kom dit like etter opninga midt i oktober.

Dei to små har enno ikkje fått noko namn og førebels blir dei kalla "Snute" og "Eventyret". Men det er kanskje nokon som har eit betre forslag?

Bukken vil bli teke unna om ei stund, men han vil få vera i barnehagen så lenge som mogeleg.

Av Ola Matti Mathisen



Dei to killingane er allereie kjæledegger i barnehagen. Assistent Renate Natås sit til venstre. Framfor ho Fredrik Haugland med bukken medan mora Snipp og den andre killingen kan sjåast bak. . (Foto: Ola Matti Mathisen).